

2023

Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedteke SR-sak 30 / 24
Sirdal sokneråd 12.06.2024

1. Organisasjon

A. Soknerådet si verksemd

Hanne Fodstad – leiar
Gunnlaug Seland – nestleiar
Ingunn Tonstad
Are Yngvar Myhra
Siri Elisabeth Skagestad
Trine Røsstad Ousdal
Knut Torfinn Øydna – vikarierende sokneprest
Rolf M. Hompland – kommunens representant fram til 1. desember 2023
1. vara Gunn-Siri Ousdal
2. vara Sissel Agathe Bø
3. vara Tone Marit Bjørnstad
4. vara Kenneth Omlie
5. vara Kathrine Berge Seland

Nytt sokneråd og ny leiar frå 1. november 2023:

Sissel Agathe Bø – leiar
Svein Arnfinn Hompland – nestleiar
Bjørge Hilde Fidjeland
Arvid Tjørhom
Tone Marit Bjørnstad
Siri Elisabeth Skagestad
Knut Torfinn Øydna – vikarierende sokneprest
Isak A, Liland - Kommunens representant frå 2024
1. vara Tore Kvæven
2. vara Peder Solheim
3. vara Gunn-Siri Ousdal
4. vara Terje Liland

Saker

Soknerådet har i 2023 hatt ti møter inkludert eit konstituerande møte av nytt sokneråd. Eit ellefte møte blei avlyst. Soknerådet har handsama 35 saker og det nye soknerådet har hatt to av desse møta og handsama seks av desse sakane. Møta har stort sett vore på kyrkjesenteret.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått:

- Val til nytt sokneråd og val til nytt bispedømeråd/kyrkjemøtet, mest med val til nytt sokneråd.
- Det har vore oppfølging av behovet for nytt kyrkjesenter som tilfredsstillar lovkrava.
- Kyrkjelyden kan glede seg over at Michał Mędzkiewicz blei tilsett som ny organist i fast stilling og begynner på nyåret.
- Det var årsfest med årsmøte 19. mars.
- Ein har også gjennomført særskilte tiltak for å spare straum på grunn av særdeles høge straumprisar. Det ble montert varmpumper i Tonstad kyrkje og Haughom kapell før jul, eitt av fleire ENØK tiltak.

Medlemmer av utval/komitéar har vore:

Kyrkjeleg administrasjonsutval

Hanne Fodstad (leiar)
Gunnlaug Seland
Are Yngvar Myhra
Inger Solveig Høyland
(arbeidstakarrepresentant)

Forhandlingsutval:

Hanne Fodstad (leiar)

Gunnlaug Seland
Yngve Bjørn Søyland

Gudstenesteutval

Anne Turid Solberg Garnica
Siv Olaug Lindeland Tonstad
May Bente Øksendal Ousdal
Sissel Agathe Bø
Tone Marit Bjørnstad
Kjetil Øygard Eidevik (permisjon)
Knut Torfinn Øydna (sokneprest)

Trusopplæringsutval

Laila Øksendal
Grete Hegre
Trine Røsstad Ousdal
Inger Solveig Høyland
Birgitta Tjørhom

Diakoniutval

Kathrine Berge Seland
Are Yngvar Myhra
Dagny Irene Samslått
Soknepresten

Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd, nedlagt

May Bente Øksendal Ousdal
Kathrine Berge Seland
Yngve Bjørn Søyland

KN komité

Sven-Egil Testad
Inger Solveig Høyland

Kirkens SOS kontakt

Kent Seland

Misjonsutval

Solbjørg Tjørhom, kontaktperson
Sissel Agathe Bø
Yngve Bjørn Søyland

Redaksjonskomité Kyrkje og Kultur

Lars Audun Fodstad (leiar)
Sven Egil Testad
Sissel Agathe Bø
Yngve Bjørn Søyland

Kulturutval

Brynhild Berg
Ragnhild Barbro Josdal
Hanne Fodstad
Tone Østtveit Kvinen
Kjetil Øygard Eidevik (permisjon)

Hausttakkefest Kvæven

Aud Ingrid Fidjeland, avslutta
Asta Lunde
Anna Kvæven
Ester Tjørhom

Arbeidsgruppe for nytt kyrkjesenter

Kenneth Omlie
Siri Elisabeth Skagestad
Gunnlaug Seland
Yngve Bjørn Søyland, kyrkjeverje

2. Personalet

Mål for 2023:- Arbeide for gode arbeidstilhøve for tilsette i kyrkja lokalt.

Totalt har soknerådet ca. 4 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjeverje
100 % Organist/kantor
120 % Kyrkjelydsarbeidar
57 % Kyrkjetenar
37 % Reinhaldar

Denne årsrapporten speglar verkelegheita for kyrkja i Sirdal i året som gjekk.

Mesteparten av drifta er finansiert av Sirdal kommune, men noko kjem også i form av eit kronebeløp frå Kyrkerådet (trusopplæring) og noko andre mindre inntektar. Organist/ kantorstillinga har vore redusert også. Det har vore naudsynt å trekke inn vikarar gjennom heile året. Spesiell takk til pensjonert kantor Hanne Fodstad som har vore til stor hjelp, men også andre har trådd til. I tillegg betaler soknerådet på ein kordirigentstilling (17,5%). Tilsetjingsforholdet er Eining for kultur (kommunen). Kyrkjeverja har kontor plass på onsdagane på bygdetunet på Kvæven og det er særleg naud for å følge opp alle sakene knytt til kapellet, men også møte med folk i ulike samanhengar.

3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

A. Kyrkjene

ENØK tiltak:

- Det har vore årleg kontroll, oppgradering og vedlikehald av det elektriske anlegget i kyrkjene, og for Kvævemoen har det i tillegg vore naudsynt å skifte el.skap på galleriet.
- Varmepumper montert i Haughom kapell og Tonstad kyrkje.

Kyrkjesenter

Det har ikkje vore noko framgang med nye kyrkjekontor i 2023. Det er framleis nødvendig å budsjettere med pengar til nytt kyrkjesenter. Det nye året starta med at ein gjekk attende til start med planlegging. Det er nødvendig å halda fram dialogen med kommunen om saka.

B. Gravplassane

Mål:

- *Legge til rette for at gravplassane er gode stader å vere for sørgjande og andre som ferdast der*

Det gode samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av gravplassane held fram med Ole Terje Josdal har frå kommunen. Frå vår ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den nyttar både maskin- og personal-ressursane på ein god måte.

Soknerådet har som mål å få etablert eit tilbod om minnelund i samarbeid med kommunen.

ASVO har også i år hatt ansvar for gravstell på vegne av fellesrådet.

4. Verksemda – kyrkjelyd

Statistikk	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester og liknande	72	74	74	74	74	39	43	81	77
Deltakarar	4522	4986	4570	4256	4061	1941	1312	3307	4273
Snitt pr gudsteneste	62,8	67,5	61,8	57,5	55	50	30	41	56
Dåp i gudstenestene	19	15	14	15	14	11	7	5	15
Konfirmantar	17	27	19	14	20	18	16	14	21
Vigslar	5	1	6	2	4	5	0	1	3
Gravferder	16	14	14	18	10	17	12	20	12
Konsertar/musikkandaktar	8	8	10	8	6	4	5	6	6
Deltakarar, konsertar/musikkandaktar	666	377	682	620	385	200	293	363	498

A. Gudstenesteliv

Gudstenesteutvalet, soknerådet og staben har også hausten og vinteren 2023/2024 arbeide med å få gode gudstenestetilbod.

Gudstenesteutvalet har drøfta desse sakene:

Det har vore eit møte i 2023 der gudstenestelista for 2024 var utgangspunkt for drøftingar kring aktivitetar i våre fire kyrkjer og tankar og ynskjer angående friluftsgudstenester, mellom anna, meir song og musikkinnslag, gudsteneste med særleg fokus på misjon to gonger i året. Ein har også gått attende etter fleire år til å ha gudsteneste 1. juledag frå kl. 12.00 til kl. 11.00 i 2024.

Talet på gudstenestedeltakarar var mykje høgare i 2023 enn året føre. Det er også positivt at så mange hyttefolk oppsøker gudstenesta julaftan i Kvævemoen kapell, til vanleg på julaftan har det vore 340-350. Dei tre siste åra har den eine gudstenesta vore i Lunde kyrkje. Dette har vore teke godt i mot, og det vart fleire Lunde kyrkje i fjor enn første året. Samla gudstenestetilbod for julaftan i Kvævemoen og Lunde har teke seg opp etter pandemien. Dette ser ut til å vera den beste løysninga for fastbuande og hyttefolk. Den siste gudstenesta på julaftan er i Tonstad kyrkje.

I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det vore andre planlagde arrangement:

Årsfest og **årsmøte** blei som planlagt 19. mars i kyrkja etter gudstenesta. På årsmøtet kom det fram ønske om rekkverk i bakken opp mot gravplassen på Skeihaugen. Dette er kome opp.

Friluftsgudstenester: Det var friluftsgudsteneste på Strandeli med dåp Kr. Himmelfartsdag og pinsedag 4. juni på terrassen ved Frikvarteret på Ådneram. På Strandeli deltok over 100 personar i godværet. Etter gudstenesta orienterte Tore Haughom om historia til plassen.

Det var treff og Olsokgudsteneste 30. juli ved Kvinen turisthytte. Jorunn Kydland var med som Naturlos i år også, noko ho har vore i fleire år. Det var 25-30 personar som var samla. Dette er eit samarbeid med Sirdal Historielag.

Soknerådet er takksame for at ein nå igjen får ha desse friluftsgudstenestene ved Kvinen turisthytte

Det var familiegudsteneste søndag 3. september i forbindelse med Sirdalsdagane. Laurdag vart det tilbod i «hagen» til kapellet. Kappellet var også ope og ein kunne gå inn å tena lys eller bare setje seg ned. Det var svært godt besøkt og små og store så ut til å kose seg. En fortset med dette sjølv om det krev ein god del ressursar.

Påskegudstenestene

Bjarte Hetlebakke var påskeprest i Øvre Sirdal med stor deltaking frå familien alle dagar. Det vart stor deltaking på andakten Skjærtorsdag i Ålsheia før skirennet i det fine veret. Det vart tilbakemeldingar på at det var ca. 650 personar rundt om på området. Bjarte hadde også gudstenestene i Kvævemoen kapell langfredag, påskeaftan i forbindelse med aktivitetdagen på Kvæven og påskedag.

Vikarierende sokneprest Knut Torfinn Øydna helt andakten inne på Kvinen langfredag. Han hadde dei andre gudstenestene i påska med god deltaking. På Kvinen langfredag vart det påskeandakt ved Einar Kvinen sitt hus, ikkje langt frå Kvinen turiststasjon.

Påskeandaktane i fjellet gjekk som planlagt, Josdal påskeaftan i samband med skirennet, Raubestøl og Rypekro på Øksendalheia.

Jubileum, Lunde kyrkje 150 år, festgudsteneste med jubileumsfeiring i Outdoor College

Jubileumsfeiring var søndag 11. juni kl.11.00. Inviterte var alle interesserte og spesielt tidlegare tilsette i kyrkjelyden. På gudstenesta deltok Sirdal blandakor og Tina Skeie på trompet. Prost Geir Ola Tveit var biskopens utsending. Etter gudstenesta var det kulturinnslag med lokale utøvarar og servering i lokalane til Outdoor College, tidlegare Lunde skule. Tonstad barnekor song og det var fleire helsingar, også frå kommunen ved John Birkeland. Ved Hundreårsmarkeringa vart det skrive ein minneskrift av Torkell Fidjeland. Magnar Undheim har nå lagt 50 nye år til dette minne som han delte med oss på Jubileumsdagen. Mange fann vegen til Lunde kyrkje denne dagen. I kulturkomiteen var Hanne Fodstad, Tone Østtveit Kvinen, Gunn-Siri Ousdal, Ester Tjørhom, Are Myhra og kyrkjeverje Yngve Bjørn Søyland.

B. Kyrkjemusikk

Mål:

- *At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Sirdal blandakor

Kora og alt dei bidreg med er særst viktig for kyrkjelydsarbeidet vårt, og vi er svært glade for dei tilboda som finst, og spesielt glade for alt dei klarte å få til i 2023, både overfor kyrkjelyden og saman i kora. Styra og leiarane har vore dyktige.

Blandakoret song på kyrkjelydens årssfest i Tonstad kyrkje, medverka på Blå Kors- konsert i Tonstad kyrkje saman med artisten Jan Eggum, hadde korggruppe på høgtidsgudstenesta 1. påskedag, hadde songstund på Sirdalsheimen i april og song på familiegudsteneste i Tonstad kyrkje 17.05. Inspirerende samarbeid med Lund menighetskor la opp til to sommarkonsertar: 25.05. i Lund kyrkje på Moi og 01.06. i Tonstad kyrkje. Kora song egne nummer og fleire felles korsongar. Konsertane var godt besøkt. 11.06. song dei på festgudsteneste i anledning 150-års jubileet for Lunde kyrkje. Koret hadde 14 medlemmer. Hanne Fodstad har fungert som dirigent. På hausten overtok Ragnhild Maria Sandvik som frivillig dirigent for koret. Styret hadde eit sterkt ønske om å få med fleire og yngre songarar.

Prosjektkor

Styret og dirigent ble einige om å driva koret som eit prosjektkor inntil vidare.

Det har vist seg å være svært vellykka. Koret har hatt to prosjekter: Julekonsert og gospelkonsert. Koret har hatt 15 øvingar i haust. Dei song på adventsamlinga i Tonstad kyrkje og dei song på julekonsert /vi syng jula inn i Tonstad kyrkje. Gospelkonserten var 10.02.24 i Tonstad kyrkje. På gospelprosjektet var dei 25 songarar. På juleprosjektet var det litt færre. Styret har hatt tre møte.

Tonstad barnekor

Korets dirigent er Ragnhild Maria Sandvik utleid frå kulturskulen (SMoK). Dette er ei ordning vi er svært glade for å ha. **Barnekoret er for 1.-5. klasse**, og dei øvde kvar veke i Tonstad kyrkje. På hausten flytta koret sine øvingar til Tonstadli og femåringane blei invitert. Dette førte til medlemsvekst. Nokre av korets medlemmar deltok på kortreffet til Ung Kirkesang i St. Johannes kyrkje i Stavanger. Her framførte dei «Vent på Herren, Alftensang for barn» saman med andre kor. Koret deltok også på fleire gudstenester, mellom anna på påskefesten og 17. mai. Koret var med på Hallo Venn, Julemesse, Adventsamling i Tonstad kyrkje, Grautfest på Sirdalsheimen og på familiegudstenesta julaften i Tonstad kyrkje.

C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

Trusopplæringa

Undervisning – barn og ungdom


Mål for perioden:

· At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring

Trusopplæringa

Birgitta Tjørhom er tilsett som kyrkjelydsarbeidar i 50% og Inger Solveig Høyland i 70 %. Dei syns sjølv at dei er eit godt team som trivest veldig godt med alle trusopplæringstiltaka dei får lov å invitera til. Dei har og mange frivillige som stiller opp og gjer det mogleg å gjennomføra alle tiltaka. Dei har stor glede og nytte av konfirmantane som må velje seg ei praksis-oppgåve i løpet av året. Konfirmantane er gode ressursar på Tårnagent-helg, Lys Vaken, Hallovenn og Misjonstorg. I tillegg er fleire av dei med i styret til Trafo og Fredagsklubben. I 2023 har alle tiltaka i trusopplæringssplanen vorte gjennomførte bortsett frå onsdagstreff og babysong. Likevel er det greitt å ha desse tiltaka med i planen som inaktive, fordi ein vonar å kome i gang med dei innan eit par år. Ein treng frivillige ressursar med for å få det til.

Det har vore god oppslutning på dei fleste tiltaka, omtrent som før. Figuren nedanfor gjev ein oversikt over alle tiltaka, og prosentvis oppslutning i 2023. Desse tala er ikkje like «rette» for alle tiltaka, då nokre tiltak berre er for Øvre Sirdal for eksempel. Men tabellen viser i alle fall alle tiltaka ein har hatt.



Alder	Tiltak	Deltagere prosent
		2023
0	Dåpsgudsteneste	138
0	Dåpssamtale	138
0-2	Babysong	0
0-10	HalloVenn Familiearrangement	53
2-8	Onsdagstreff	0
3	Krøllekveld for 3-åring...	88
4	Påskefest med utdeling av barnebibel til 4-åringar	57
4-11	Sprell Levende på Kvævemoen	8
5	Pinsefest i kyrkja	50
6	Haustattakkefest	93
6-10	Tonstad Barnekor	15
9	Tårnagenthelg	94
10	Utdeling av NT til 5.klasse	62
10-13	Fredagsklubb i Øvre Sirdal	17
11	LysVåken	35
13-15	TRAFØ	49
15	Konfirmasjonstid	100
	Totalsum	66

I år har me meldt inn både Fredagsklubben og Trafo i KRIK. Det var fleire årsaker til at me ønska det, då det er ulike gode med å ha ein organisasjon i ryggen. Me har blitt sterkt oppfordra av bispedømmekontoret til å melda inn våre kontinuerlege tiltak i ein organisasjon.

Det var naturleg for oss å velja KRIK. Det er ein organisasjon me kjenner godt, og har tillit til. Me reiser på Konfaktion med konfirmantane kvart år. Denne leiren blir billigare for alle som er medlemmar av KRIK, og difor har me oppfordra ungdommane til å melde seg inn i KRIK. Når me no har eit eige lokalt KRIK-lag så er det ennå greiare å oppfordra dei til å melda seg inn. I 2023 blei det registrert 21 betalende medlemmar i KRIK Trafo. I Fredagsklubben var det 12 medlemmar. Me får frifondsmidlar i 2024 ut frå kor mange medlemmar som meldte seg inn og betalte kontingent i 2023. Me har og fått oppstartsstøtte frå KRIK på 8000 kroner til begge laga. I tillegg har me søkt om prosjektstøtte frå KRIK til ulike ting. Trafo har fått prosjektstøtte til Gautefall-turen, og Fredagsklubben har fått prosjektstøtte til bowlingtur og til å gjera litt stas på ungdommane i styret.

Me meiner vedtektene til KRIK er noko me kan stå inne for, og likar godt leirtilbodet dei har. Det var fleire ungdommar frå Sirdal som reiste på KRIK Explore nyttårsleir. Det er kjekt at fleire lokale ungdommar har oppdaga glede av å reise på leir. Me trur at Konfaktion er god reklame for dette.

Me fekk besøk av distriktsmedarbeidaren til KRIK ei helg i haust. Han hadde med seg ein kamerat, og dei to var med på Fredagsklubben på fredag og på Trafo på laurdag. Dei overnatta i Kvævemoen kapell. Det var veldig kjekt å få besøk. Dei deltok med andakt og opplegg i gymsal/idrettshall.

Nytt på Trafo i haust er at me har fått eit husband. Ungdommar frå 9.klasse som vil vere med å spele til allsong på trafo kvar gong dei har høve. Det er Anna Othilde Sandvik på piano, Svein Mathias Tonstad på gitar, Torjus Tjørhom på trommer og Wenche Hatice Cakir, Natalie Høyland og Sigrid Marlene Orestil som forsongarar. Å ha musikk-ressursar på Trafo er eit bønnesvar som me er svært glade for. Dei song i tillegg på lysmessa i Haughom, og me håpar dei kan vera med på nokre gudstenester framover.

Konfirmantar:

21 ungdomar vart konfirmerte i 2023, 7 frå Øvre Sirdal og 14 frå Tonstad. Det var av ulike årsaker litt forfall før konfirmantleiren i år, men dei som reiste hadde det veldig kjekt.

Hausten 2023 var det 28 konfirmantar som meldte seg på opplegget. 7 i Øvre Sirdal og 21 på Tonstad. Ein av desse blir døypt i løpet av konfirmantåret. I tillegg blir årets einaste konfirmant på Filadelfia med oss på Konfaktion.

Skule/barnehage-kyrkjesamarbeid

I Sirdal har me eit godt samarbeid med skule og barnehage. Skulen og barnehagen ønskjer å komme til kyrkja og at me som arbeider i kyrkja skal komme på besøk til dei. I 2023 har me hatt skulegudstenester med Sinnes og Tonstad skule både før jul og før påske. I tillegg har me hatt Sjekk kyrkja, Bibelsporet, julevandring og besøk i barnehagane før jul og før påske.

D. Givarteneste

Totalt kom det inn kr. 9.000 på givartenesta til TRAFØ

E. Diakoni og misjon

Mål for perioden

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelyden.*
- *Arbeide for å gje eit godt kyrkjeleg tilbod til turistane*
- *Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd*

Misjon/internasjonalt engasjement

Kyrkjelyden har avtale med NMS om eit misjonsprosjekt. Det blir tatt opp seks ofringar ved gudstenester kvart år, og naturlegvis er det også forbøn. Det har også vore basar og utlodning til inntekt til misjonen. Tidlegare hadde kyrkjelyden også avtale om eit misjonsprosjekt i Equador for Misjonsalliansen, som ein i 2023 har støtta med to ofringar. Det gjeld eit arbeid mellom barn med funksjonshemmingar

NMS driv blant nordafrikanske immigrantar i **Spania**. Sissel Agathe Bø er soknerådet sin kontaktperson, og er også engasjert i NMS-Spania direkte gjennom NMS foreininga med økonomisk støtte. Ho får nyheitsbrev som ho sender vidare til kyrkjekontoret. Kyrkjelyden får besøk av regionkontakten kvart år.

Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement.. Konfirmantane hadde dør til dør- innsamling. Det kom inn 25.146 kr.

Diakoni og eldrearbeid

Tro og Lys-gudstenesta i Tonstad kyrkje blei avlyst. Dette er eit samarbeid med Flekkefjord og Kvinesdal, og ein årleg tradisjon, der diakoniutvalet tek ansvar for å stelle i stand fest med mat på «Møteplassen» i Litlemohagen før gudstenesta. Familie-gudstenesta er open for alle.

Diakoniutvalet sine medlemmar går også med helsingar til jubilarantar som fyller 75, 80, 85, 90, 95 og 100 år. Enten songboka Syng Med, ein bordkalender eller blomar.

Gullkonfirmantar

Mange set pris på den årlege tradisjonen med å innby alle Gullkonfirmantane til 50-års jubileum. Dei som blei konfirmert for 50 år sidan blir inviterte til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag etterpå Tonstadli. Ein god del 50-årskonfirmantar møtte opp, og det blei ei flott markering.



Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere ein god forvaltar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald i bygga våre er eit viktig tiltak. Arbeidsgruppa har ikkje hatt møte i 2023. Kyrkje og kultur har ei side om miljø i bladet. Det gir ei viktig påminning om ansvar for natur og gjenbruk. Skaparverket er viktig i eit kyrkjeleg perspektiv. Arbeidsgruppa blei lagt ned, men kyrkjelyden er framleis Grøn kyrkjelyd.

F. Kultur

Kulturutvalet

Kulturutvalet har ikkje stått for noko eige arrangement i 2023. Styret blei einige om å støtta opp om kyrkjejubileet i Lunde kyrkje 6. juni 150 år. Komiteen blei supplert med to medlemmar. Etter 10 år i utvalet, takkar dei av. Dei har gjort ein flott innsats og takk til alle. Det er valt nye medlemmar til kulturutvalet. Om dei ynskjer å halde fram med å arrangere ein kulturkveld kvart semester på kulturhuset blir opp til dei og vegen vidare. Hanne Fodstad har fungert som leiar og sekretær.

Energifestivalen i Sirdal. Kyrkjelyden er godt synleg utanfor Tonstad kyrkje. Det er stand og fleire opplegg for barn, samt servering av kaffi, saft og vaflar. Det var også lynlotteri til inntekt for misjonsprosjektet i Spania.

G. Samarbeid med skule og barnehage

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp. Sjå kapittel C.

H. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er eit viktig område. Bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kom med fire nummer også i 2023 (12. årgang). Det kjem gode tilbakemeldingar på bladet. Bladet er eit samarbeid med Eininga for kultur i kommunen.

Det er viktig å oppdatere heimesida www.sirdal.kyrkja.no, for at folk ikkje skal mista interessa. No er det blitt meir vanlig at vi legg fleire hendingar ut på Facebook (fb). Det viser seg å vere ein god måte å nå folk på. Påmeldingar til nokre tiltak går også på fb. Gjennom fb-sida når vi ut til nye grupper. Staben freistar å oppdatere sida jamleg. Meir og meir vert kunngjort på kyrkja si fb-side. Mange aktivitetar er retta mot målgruppa barn og unge, som ikkje bruker heimesider så mykje. Den meir faste informasjonen, så som kontaktinformasjon, kalender, info om arrangement osv., skal i alle høve vera oppdatert. Fb-sida til kyrkjelyden heiter www.facebook.com/kyrkjaisirdal. Dess fleire som trykker «like» på denne sida og inviterer venene sine til å gjere det same, dess fleire når vi ut til med informasjon. Ein kan også vurdere andre sosiale media. Gudstenestene annonserast. Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisa Agder i samband med gudstenester og andre arrangement.

5. Rekneskap 2023

Nøkkeltal frå rekneskopen	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Driftstilskot, kommune	3298872	3380000	3240000	3275000	3480000	3580000	3614000
Tilskot andre driftstiltak	200000	200000	200000	400000	200000	200000	0
Tilskot frå staten	158.500	153181	177389	148000	154000	156000	194000
Investeringsstilskudd, kommune							300000
Bundne driftsfond							
Bunde driftsfond trusopplæring	109929	95609	95609	70058	75081	59642	57879
Disposisjonsfond							
Restkonto Øvre Sirdal	35099	35099	35099	35099	35099	35099	35099
Restkonto Tonstad	26816	26816	26816	26816	26816	26816	26816
Disposisjonsfond drift	181844	181844	523747	363205	457762	457763	401226
Disposisjonsfond trusopplæring, ny i 2017	50000	50000	50000	50000	50000	50000	50000
Driftsfond investering, ny i 2017	376640	376640	32391	32391	32391	32391	32391
Årets overskot/ underskot:	580683	195131	220669	0	94557	230262	0
Investeringsfond	0	0	235000	235000	235000	235000	235000
Investering ENØK							191018
Ofringar til andre organisasjonar inkl. misj.pr	169281	145911	147330	83214	74931	99170	139384
Innsamling til Fasteaksjonen, dør til dør aksjon	46665	36696	32396	0	0	31379	25146
Offer til kyrkjelydsarbeidet	34900	30742	35920	37305	25159	38140	53932
Kollektar ved konsertar	4422	8601	7596	0	0	0	1000
Givarteneste	13600	13000	10300	10800	10800	10800	9000

Tabellen viser utviklinga av tilskot, frie midlar (fonda), overskot/underskot og offer/gåver/innsamla midlar dei siste åra.

Sirdal kommune vedtok overføringar til drifta av kyrkja på kr. 3.600.000 til drift og kr. 300.000 til ekstraordinære ENØK tiltak kyrkjer. I tillegg kr. 14,000 til utgifter ved produksjon og utgjeving av Kyrkje og kultur.

Auka i utgiftene til pensjon og lønn ble veldig mye høgare enn budsjettert (SSB og KLP), noko det ble for alle, også for kommunane som fekk ekstra tilskot frå Staten. Det blei kr. 444.000 i reguleringspremie frå KLP og i tillegg høgare lønn. Meirkostnadene ble kalkulert til kr. 299.000 etter at kr. 100.000 ble overført frå premiefondet. Det ble derfor søkt kommunen om inndekning, men kommunen overførte ikkje noko. Mindreforbruket i 2022 på kr. 230.000 skulle i 2023 avsetas til disposisjonsfondet, men når underskotet på drifta i 2023 er på kr. 287.000 får man ikkje avsett beløpet. Det var budsjettert med kr. 60.000 på driftsbudsjettet til utskifting av gamle og dårlege ovner i Haughom kapell. Da dette ikkje ble gjort, reduserast underskotet ved å dekke andre utgifter. Derfor reduserast underskotet i 2023 til kr. 227.000. Resultatet/botnlinja er kr. 0,- etter strykningen. Disposisjonsfondet er redusert.

Det er ikkje balanse mellom budsjettet og rekneskapen 2023.

Det er utfordrande å budsjettere pensjonsutgifter då reguleringspremien kan variere mykje frå år til år, slik det blei i 2023, derfor er det viktig å ha ein «buffer» på disposisjonskonto og pengar på premiefondet.

Takkoffer:

Det blei høgare inntekter til andre organisasjonar inkludert til misjonsprosjekt kr. 139.000. Av dette, ofringar til misjonsprosjekta kr. 33.000. Ofringar til kyrkjelyden kr. 54.000. Fasteaksjonen kr. 25.000. Dette er kontantar samla inn ved dør til dør aksjon.

Det er ikkje budsjettert med inntekter og utgifter ved ofringar og fasteaksjonen? Her har det skjedd ein glipp. Det vil uansett ikkje ha betydning for resultatet då det er same beløp inn og ut. Det gjelder ikkje ofringar til eige arbeid.

Ny IT – plattform frå 1. november 2023

Sirdal sokn skreiv under avtale med Kirkepartner om sikrere IKT – løysningar. Dette innebar blant annet bruk av public 360 til saksbehandling, brev, arkivløysning og møter og anna i teams. Sikrere og meir funksjonell løysning og behandling av mellom anna personopplysningar, samt betre kommunikasjonsløysing internt i staben og utad. Det er omtrent dei same utgiftene første året men med tillegg av noko overføringskostnadar.

Det føretatt en regulering av budsjettet på kr. 30.000 frå Eikestølhuset til lyd i kyrkjer. Dette var ei feil som i ettertid er korrigert.

43 Kyrkjegardar:

Meirutgifter til drift: Ansvar 43 kyrkjegardane må dekkast inn av kommunens årlege tildeling til kyrkja. 43 Kyrkjegardar gjekk i minus med kr. 357.000. Dette må dekkast av overføringane frå kommunen over ordinær drift. Kommunal tenesteyting vedrørande gravplassane blei kr. 628.000. Beløpet kjem fram som utgift og inntekt i rekneskapen og har ingen betydning for kyrkja si drift.

Investeringar:

Kommunen har etter lova ansvar for at kyrkja lokalt har funksjonelle og godkjente kontorlokale for drifta, og at det er universelt utforma også for besøkande. Samarbeid mellom på ulike plan har ikkje lede til noko konkret.

Strakstiltak på ENØK ble gjennomført ved alle kyrkje. Før jul ble det installert varmpumper i Haughom kapell og Tonstad kyrkje. Arbeidet fortsette med andre bygg.

Det blei avsagt kr. 70.000 til investering ENØK tiltak, men dette ble ikkje aktuelt då det viste seg at kommunen hadde vedtatt kr. 300.000 til formålet.

--

Økonomiforskrifta for Den norske kyrke (ny bestemmelse jf. § 12, nr. 4 – Klargjering om tilstand mht. likestilling og diskrimineringslovgevinga:

Sirdal sokneråd arbeider aktivt for likestilling og mot diskriminering, jf. Likestilling og diskrimineringsloven § 26.

Arbeidet er ein del av verksemda sitt HMS-arbeid for å søkje å hindre diskriminering, jf. Punkt 7.0. Internkontroll. Krav om 40% representasjon av begge kjønn. Det lykkast ikkje å få lik representasjon ved valet 2023. Valte faste medlemmer: 4 kvinner (66,7%) og 2 menn (33,3%). Kjønnfordeling i staben: 2 kvinner (40%), 3 menn (60%).

Soknerådet har ansvaret ved val til soknerådet og kyrkjevevja har det daglege ansvaret. Det er varslingsrutiner i Internkontrollpermen. Det er avgrensa tilgang/ikkje tilgang for funksjonshemma grunna manglande universell utforming av/til kontora og øvrige rom ved kyrkjesenteret. Kyrkjesenteret med kontor tilfredsstiller heller ikkje krav i Arbeidsmiljøloven. Det blir jobba aktivt med nye kontor. Dette gjeld i liten grad ved kyrkjene, som alle er tilrettelagt for funksjonshemma.

6. Framtidsutsikter

Vi er glade for at rekrutteringa til ulike ledige stillingar har lukkast for soknerådet. Tilsette gjer ein svært god jobb og står godt rusta til at dei frivillige kan oppleve å gjera ei meningsfull teneste. Dei frivillige legg ned mykje tid. Av naturlege årsaker går nokon ut av ei eller fleire tenester, og nye kjem til, eller ein ynskjer å ha ein anna teneste. Mange kyrkjelyder opplever markant nedgang i dåpstala. Låge dåpstal i 2022 skuldast i hovudsak låge fødselstal. Særleg bekymringsfullt er det når dei som sjølv er medlemmer, vel å ikkje døype barna sine. Vi har ikkje merka mykje til dette så langt, men det kan skje, både i dåpstala og talet på konfirmantar. Ein god måte å styrke kyrkjelyden på er at alle som ønskjer at kyrkja framleis skal vere eit viktig «lim» i lokalsamfunnet og «lys og salt i verda», er trufaste med å koma til gudsteneste og frimodig oppmuntrar barn og ungdomar til å ta del i trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid. Den beste måten å ta vare på noko, er å bruke det. Det gjeld i høgste grad også kyrkja. Det er viktig at kommunen sørgjer for tilstrekkeleg med overføringar for dagleg drift og investeringar, slik at kyrkjene ikkje forfell, at kontorforhalda held den standard som krevst for ein arbeidsplass og at unge og gamle som kjem til kontora, møter universell utforming med tilgjengelegheit.

Mange har gode minne frå ulike samanhengar i kyrkja, frå dei er heilt unge, gjennom oppveksten og i vaksen alder, og er stolte av og glade i kyrkjene sine. For kyrkja er det viktig å sjå enkeltmenneska, både i glede og sorg.

Mål for 2024-2025

- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Få tenlege og lovlege kontortilhøve og dei fasilitetar som høyrer med for staben ved Kyrkjesenteret, med tilgjengelegheit for besøkande, unge som eldre. Sirdal kommune har ansvar etter loven.
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene. Varmepumpe i Kvævemoen kapell og Lunde kyrkje.
- Vurdera å skifte ut røyromnane i Haughom kapell.
- Gravplassane skal vera gode stader å vera for sørgjande og andre som ferdast der.

Prioriteringar 2024

- Oppfølging av vedlikehaldsplanen frå 2011.
- Arbeida vidare med å få lovlege og hensiktsmessige kontortilhøve med universell utforming for staben og ved kyrkjesenteret og med tilgjengelegheit for besøkande, unge som eldre.
- ENØK – tiltak, arbeida for varmpumpe i Kvævemoen kapell og Lunde kyrkje.

Organisasjonsplan frå 2024

